

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	16.10.08	237/08	RTO

Sakshandsamar: Aase M. Skrede	Arkiv: K1-45/410, K2-L42 Objekt:	Arkivsaknr 08/951
-------------------------------	-------------------------------------	----------------------

GNR 45/410 SELFALLET - OPPFØRING AV EINEBUSTAD MED GARASJE - GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.09.08	Byggm. Nils J.Solend; Roar Ulvatn og Ailin K. Isdal; Entreprenør Rune Ulvatn; Stein D.Olsen; Radøy Steinindustri; Kvalheim VVS as	Gnr 45/410 Selfallet - søknad om løyve til tiltak - einebustad
2	U	12.09.08	Byggm. Nils J.Solend	Gnr 45/410 Selfallet - søknad om løyve til tiltak - einebustad - mellombels svar
3	I	12.10.08	Byggm. Nils J.Solend	Ny teikning med ny mønehøgde

Saksutgreiing:

Gjeld oppføring av einebustad med garasje. Det er opplyst at samla bruksareal (NS 3940) vert på ca. 258 m² og bebygd areal på ca. 194 m².

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Selfallet er definert som byggeområde for bustader.

Det er søkt om ei mønehøgde på kote + 22,95 m og golvhøgde på kote +16,5 m. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Det er opplyst at tiltaket skal knytast til offentleg avlaupsanlegg. Pr. i dag er avløpsanlegget privat.

Da søknaden om enkle tiltak ikkje tilfredsstilte dei krav som vert stilt til ein slik søknad etter plan- og bygningslova (pbl.) § 95 b da den vart motteke av kommunen, vert den gjort om til søknad om løyve til tiltak etter pbl. §§ 93 og 94. Denne avgjersla kan ikkje påklagast, jf. pbl. § 95 b. Sakshandsamingstida på 3 veker fell dermed bort.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det godkjent oppføring av einbustad med garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 66, 70, 74, 93, 93 b og 98, veglova §§ 40 og 43, på følgjande vilkår:

1. Det vert vist til rekkjefølgjekrava i reguleringsføresegnene.
2. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt leidningsnett med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
3. Bygningen kan plasserast slik som vist i søknaden, men bygningen sitt bebygde areal skal plasserast minimum 4 meter frå nabogrensene.
4. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning: Til konto: 16220 4000 3020:

C.3.3.1 Oppføring av bygning, tiltaksklasse 1: **Kr. 4500,-.**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

5. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart motteke den 13.10.08, og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.
6. Radøy kommune gjev **Byggmester Nils J. Solend A/S** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningsområda **SØK-søkjarfunksjon, PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering og UTF/KUT-utføring/kontroll av utføring bygningar og installasjonar (byggkomplett).**

Radøy kommune gjev **Rådgivende ing. Stein D. Olsen** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningsområda **UTF/KUT-utføring/kontroll av utføring plassering av tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Entreprenør Rune Ulvatn AS** ansvarsrett (sentralt godkjent føretak) i godkjenningsområda **UTF/KUT-utføring/kontroll av utføring graving, boring, sprenging og betongarbeid for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Radøy Steinindustri AS** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningsområda **UTF/KUT-utføring/kontroll av utføring pipemuring og peis.**

Radøy kommune gjev **Kvalheim VVS AS** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningsområda **PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering og UTF/KUT-utføring/kontroll av utføring røyrleggjararbeid.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Når gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen, kan arbeidet setjast i gang.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Aase M. Skrede
byggesakshandsamar

Kopi til:

Byggm. Nils J.Solend	Alverflaten	5914	ISDALSTØ
Entreprenør Rune Ulvatn		5936	MANGER
Kvalheim VVS as	PB 1	5931	MANGER
Radøy Steinindustri		5936	MANGER
Roar Ulvatn og Ailin K. Isdal		5936	MANGER
Stein D.Olsen		5936	MANGER
Økonomikontoret	Krossvegen 8	5936	MANGER